

Osterøy Kommune
5282 Lonevåg

03.08.16

Dykkar sak nr. 16/1578

Visar til brev frå Osterøy Kommune datert 28.06.2016 om legging av avlaupsleidningar på Hauge.

Me søkjer med dette om dispensasjon frå plan-og bygningslova for legging av vass og avlaupsleidningar i LNF område på gnr. 4 bnr. 2.

Me søkjer vidare om fritak for nabovarsling då dette berre gjeld nedgraving av leidningar og ingen bygg eller konstruksjonar over bakken. Det er og lang avstand til naboar, og tiltaket gjeld i tidlegare leidningstasefor for offentlege leidningar eller i offentleg veg.

Syner elles til byggesak nr. 293/10

Sender på nytt skriv om at grunneigar er kjend med at byggesaka også gjeld bnr. 2.

Legg ved signert avtale om at Osterøy Kommune har rett til å leggja ned leidningar på gnr. 4 bnr. 3. Denne vert sendt til Statens Kartverk no og me sender melding når den er tinglyst.

Me søkjer vidare om tillating til å kopla framtidige offentlege leidningar til eksisterande offentlege leidningar som synt på teikningar i byggesaka.

Med venleg helsing


Nils Skjerping

Osterøy Kommune

21.03.16

VEDKOMANDE BYGGESAK NR. 293/10

Det er oppdaga at ved ein feil er ikkje gnr. 4 bnr 2 nemnd i søknaden og heller ikkje godkjenninga.

Me søker difor om å få med bnr. 2 i godkjenninga og samstundes søker me fritak for nabovarsling av naboar og gjenbuarar til bnr. 2 grunna lang avstand til nabogrense og at det berre gjeld nedgraving av leidningar og ingen bygg eller konstruksjonar over bakken.

Som eigar av gnr. 4 bnr. 2 stadfestar eg at eg er kjend med planane om V/A anlegg og har gjeve løyve til anlegget på min eigedom.



Anders Hauge

Nils Skjerping
Osterøy Entreprenør AS

AVTALE

Mellom Osterøy Entreprenör og Anders Hauge

eigar av gnr.... bnr... i Osterøy kommune, er det inngått følgjande avtale i samband med legging av nye va - leidningar med tilhøyrande anlegg for samankobling.

Osterøy Kommune får rett til å leggja nye va - leidningar over gnr. 4, bnr. 2,
eigar Anders Hauge.

på dei vilkåra som går fram nedanfor i punkt I – IX .

I

Osterøy kommune får ein varig rett til å leggja ned og ha liggjande vass – og avløpsleidning av det slag og den dimensjon kommunen finn føremålstenleg, slik som dette er vist på vedlagt kart.

II

Det er ein føresetnad at kommunen ryddar opp etter seg når anleggsdrifta er slutt, herunder istandsetjing av vegar , gjerde, grindar m.v. som måtte vere øydelagde. Og om mogeleg føra terrenget tilbake til sin opphavleg stand.

III

Anleggsskader vert halde utanfor og vert ordna etter serskilt avtale eventuelt særskilde skjøn som kommunen i tilfelle vil påstemma.

IV

Kommunen får vidare ein alltid varande rett til på ei kvar tid å utføra det turvande gravingsarbeid og skogrydding m.v. i samband vøla og vedlikehald av leidningar og tilkomstvegar, samt rett til tilkomst med materiell og personell, med pliktar som er nemnde under punkt II, eventuelt punkt III.

V

Vøling – og vedlikehaldsarbeid etter punkt IV skal vanlegvis utførast på dei tider det er minst ulempe for grunneigar, men må i aktuelle tilfelle kunna utførast når som helst.

VI

Kommunen får vidare ein alltid varande rett til fri tilkomst fram til leidningsnett.

VII

På ei grunnstripe langs leidningen , rekna i breidd av 2.0 meter til kvar sida av senterlina , må det ikkje plantast tre eller andre vokstrar som kan verka skadeleg for leidningsnett eller gjera seinare vedlikehald og tilsyn vanskeleg. Heller ikkje må det innanfor denne grunnstripa førast opp bygg eller andre innretningar som kan vera ein fare for leidningsnett, eller gjera seinare vedlikehald og tilsyn vanskeleg. I tvilstilfelle må ein konferera med kommunen.

Veg kan kryssa leidning, etter førehandsvarsel til kommunen. Grunneigar ber sjølv dei meirkostnader kryssinga medfører.

Vanleg jordbruksarbeid som pløying og liknande kan utførast over leidningar.

VIII

Vederlaget vert tilkjent som eingongsvederlag med 5 % rente p.a. frå inngrep i grunnen til betaling.

IX

Oppgjerd vert utbetalt etter følgjande prisar:

Erstatning for leidningar:

for innmark
for kulturbeite
for utmark

Erstatning for kummer:

for innmark
for utmark

Avlingstap fulldyrka/overflate dyrka jord

Forverdi kr/daa/år

For avtalen gjeld elles særskilde vilkår:

Underskriven grunneigar samtykkjer i at formelt tiltrer grunn og rettar slik som det går fram av ovannemnde føresetnader under punkta I – IX .

Hauge den 8/2-16
Anders Hauge
grunneigar

Nick Skjipning